



Den nye badeplassen er eit av fleire vellukka tiltak som Bygdeutviklingsprosjektet under Uskedalen Utvikling har stått bak det siste året. Fleire kjem etterkvart. Her badar førsteklassingane så seint som 15. september. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**- No er giroane for kontingent til Uskedalen Utvikling sendt ut og vi vonar at mange vil støtta arbeidet vårt og med det bidra til bygdefellesskapet, seier Kjell Magne Haugland i styret til uskedalen.no**

Kontingentsatsane er 300 kroner for lag og firma og 150 kroner for einskildpersonar. Det er og høve for firma, lag/organisasjonar og einskildpersonar til å teikna partar. Ved sida av partnerskap og kontingent blir verksemda finansiert gjennom annonsar på heimesida.

Det siste året har UU lagt hovudvekta på Bygdeutviklingsprosjektet, der heimesida inngår.

Den nye badeplassen er eit anna døme på kva prosjektet har gjeve så langt. Det har vidare vore guida turar opp gjennom dalen og til Skorpo.

Prosjektet har i det heile hatt ei lang rekkje arbeidsoppgåver det siste året, og fleire resultat av dei vil merkast etterkvart.

Til dømes er det no ikkje lenge til det blir etablert ein rasteplass sentralt i bygda, nærare bestemt ved oppslagstavla.

Den nye skiltplanen er i ferd med å bli sett ut i livet.

Dugnad på og merking av turstigar har vore ei annan viktig oppgåve.

Elles er ein ikkje minst glad effekten av den samordna marknadsføringa av større arrangement og at gardsturisme og småskalaverksemdar er i ferd med å "ta av".

Eit døme på det siste er Friheim Gardsmat, der pinnekjøttet no heng og godgjer seg!

Av Ola Matti Mathisen